



AFA har fått fritak for eigedomsskatt. Her er dagleg leiar Tor Vidar Sæle foran pallevirke frå Sunnmøre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunestyret har gjeve fleire fritak for eigedomsskatt og ein av dei er AFA i Uskedalen.

Fritaket er gjort gjeldande for 2010 og 2011 og er ikkje å rekna som eit varig fritak.

Fritaket er gjort etter eigedomsskattelovas paragraf 7a der det heiter at ein kan fritta eigedomar eigde av stiftingar eller institusjonar som blir drivne med samfunnsnyttig føremål.

I same paragrafen heiter det også at bygningar av historisk verdi kan fritakast for eigedomsskatt.

Eigedomsskattekontoret vil av praktiske grunnar fremma forslag til kommunestyret kvart år basert på tidlegare fritak.

Eigedomar som kontoret meiner ikkje lengre oppfyller krav til fritak vil ikkje bli teke med og då må dei søkja på nytt.